



DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

Møtebok for Jondal sokneråd

Møtedato: 23.01.2019
Møtetid: kl. 19:00
Møtestad: Kyrkjelydskontoret

Tilstades:

Berit Tuvinn, Audun Bergh Seiness, Marianne Eide, Iselin Buer Storli Håvik, Lise Marit B Fjellås. Tore Thomassen, Elin Eide

Me vart presenterte for ny fungerande sokneprest – hjarteleg velkomen til Tore Thomassen, som og heldt ei lita innleiing før møtet.

Til å signera dagens møtebok: Iselin, Lise-Marit. Møteboka frå sist møte vart godkjend. *Samrøystes.*

Orienteringssaker

FR - Orientering frå fellesnemndarbeidet. neste møte 29.01.

SR - Orientering konfirmentarbeidet

SR - Orientering statistikk og rapportar TOL

SR – Fasteaksjonen kontaktar , framdrift

SR - Takkofferliste 1. halvår 2019

SR - Orienteringar frå prest.

SR – Medarbeidarfest, i februar

FR – Samarbeidsavtalen med Jondal kommune om graving går ut pr 01.07.2017

Sak 001/19 Endeleg budsjett 2019

Jondal kommune vedtok sitt 2019 budsjett desember 2018. Etter kyrkjelova og god offentleg rekneskapsskikk skal Jondal Sokneråd vedta sitt seinast ein månad etter.

Ramma frå Jondal kommune utgjer største del av driftbudsjettet til soknet og utgjer for 2019 eit tillegg på 2,6% på fjorårets. I tillegg ynskte kommunen å styrka arbeidet med sammenslåingsprosessen med kr 30.000. Det var ein fin gest som kjem absolutt godt med.

Andre endringar i år er TOL-tilskotet. Dette har vore styrka dei seinare 4 åra, og fell frå 2019 ned på normal-løyving. Dermed er trusopplæringa eit område der økonomien vert noko strammare framover. Gjeld teneste 440, konto 1770. Gjeld alle tenester, konto 1830.

Når det gjeld bruk av disposisjonsfond bør me sjå dette i samanheng med 2018 rekneskapen til si tid.

Disposisjonsfondet er øyremerka drift. Her er ein vurdering å gjera.

Investering. Me har ein post som heiter ubrukte lånemidlar. I utgangspunktet var desse lånt til å finansiere brannsikringsarbeid. Heile beløpet vart ikkje nytta, og det me ikkje treng bør betalast attende. Det er nokre tiltak til ein med fordel kan vurderast å nytte nokre av midlane til. T.d. oppgradering av det elektriske anlegget så alle kontaktar får jording. Dette er eit godt brannførebyggjande tiltak.

Gravfondmidlene er frå 2019 sett på eiga bankkonto. Til orientering.



DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

Framlegg til vedtak:

Møtebehandling:

Vedtak:

Jondal Sokneråd vedtek budsjettframlegget slik kyrkjevevja og økonomisjef har utarbeida det og det er lagt inn i økonomiprogrammet Visma. Det vert opna for å nytta ca kr 100.000 frå disposisjonsfondet. Prioriterte tiltak, er : 1. Oppgradering av det elektriske anlegget i kyrkja. 2. Innbytte av Autronica brannsentral.

Samrøystes

Sak 002/19 Søknað om permisjon ut perioden, ekstrasak

Soknerådsmedlem Hans Sigvard Galtung har søkt om fritak frå vervet som folkevald i Jondal Sokn gjeldande frå 22.01.2019 og ut valperioden

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådsmedlem Hans Sigvard Galtung vert friteken frå verv i Jondal Sokn frå 22.01.2019 og ut perioden.

Sak 003/19 Supplerande val 22.01.2019, ekstrasak

Det skal veljast ny leiar og eventuelt nestleiar i Jonda Sokneråd gjeldande frå 22.01.2019. Eitt nytt medlem skal og gå inn for Jondal sin ledige plass i Kyrkjeleg fellesnemnd for nye Ullensvang.

Forslag til vedtak:

Vedtak:

Til ny leiar vart vald: Marianne Eide

Til ny nestleiar vart vald: Berit Tuvin. Nina N Torsnes rykker inn som fast medlem.

Berit Tuvin rykker inn som fast medlem i kyrkjeleg fellesnemnd.

Audun B Seiness vert vald til ny vara i fellesnemnda.

Samrøystes